

**- Unngå konflikt i Skorpevågen**

02.06.2011

**Region vest i Fiskeridirektoratet har kommentert søknaden frå Sjøtroll Havbruk om løyve til utviding av maksimal tillete biomasse frå 3120 tonn til 4680 tonn ved anlegget utanfor Skorpo. Direktoratet konstaterer at den største anleggsramma med ringar vil vere utanfor akvakulturområdet i kommuneplanen.**

Difor skulle søknaden ha vore handsama som dispensasjonssak før søknaden vart sendt ut på høyring.

Direktoratet peikar også på at nokre av fortøyningslinene vil vere i konflikt med kaste- og låssettingsplassen i Skorpevågen.

Kommunen blir beden om å oppdatere kommuneplanen ved neste revisjon slik at den viser faktisk arealbruk.

Direktoratet tar det for gitt at Sjøtroll installerer anlegget på ein høveleg måte som ikkje medfører konflikt i

Skorpevågen og at det skjer i samarbeid med fiskarane som brukar denne plassen.